

Riksantikvaren skal vera ein LAGSPELAR



NESTLEIAR IVAR ODNES var ikkje snauare enn at han drog opp springleiken Kristen Fangje under besøket på Nordigard Blessom
RIKSANTIKVAR JØRN HOLME og styreleiar Inger-Lise Skarstein i munter passiar under synfaringa på Nordigard Blessom i Vågå



BESØKET var ein del av ei rundreise i Gudbrandsdalen, og den nye riksantikvaren fekk orientering om verksemda i Norsk Kulturarv, med fokus bl.a. på aksjonane "Ta eit tak" og "Rydd eit kulturminne", reiselivsarbeidet og kvalitetsmerket Olavsrosa. Jørn Holme presiserte at Olavsrosa er det einaste formelle kvalitetsmerket vi har på kulturminneområdet her til lands – merket som Norsk Kulturarv eig og forvaltar.

HOLME ga bl.a. uttrykk for at Riksantikvaren og Norsk Kulturarv har fleire felles interesseområde i arbeidet for det praktiske kulturminnevernet. Under møtet kom det fram ønskemål og idear for potensielle samarbeidsfelt. Holme uttrykte bl.a. at Riksantikvaren som institusjon må vera synleg, fleksibel og serviceinnstilt. Han vil samarbeide med dei ulike regionale og lokale musea, og har ønske om at det offentlege yter meir for eigarar av freda og verneverdige bygningar.

- Riksantikvaren må markere seg som ein medspelar i aktivt kulturminnevern. Den nye riksantikvaren Jørn Holme sa dette under eit svært positivt møte med styreleiar, nestleiar og administrasjon i Norsk Kulturarv i Vågå i vinter.

TEKST OG FOTO:
MATHIAS ØVSTENG

DEN NYE riksantikvaren understreka at våre mange kulturminne må opplevast som ein ressurs og ikkje som eit problem, og at Riksantikvaren i dette bildet må bidra med positivitet og service. (*Jf. elles artikkelen til Terje Nypan s. 34*).

Etter møtet med Norsk Kulturarv var det synfaring i det gamle ysteriet i Vågå, der Norsk Kulturarv har kontor i næringshagen. Huseigar Lars Andre Storlien viste rundt i bygget, der bortimot seksten bedrifter og organisasjonar med over seksti personar i dag har sitt arbeid.

RIKSANTIKVAREN deltok elles på synfaring og lunsj på Nordigard Blessom, som inngår i Vågå gardshotell. Her deltok også ordførar Rune Øygard i Vågå. Rundreise i Gudbrandsdalen heldt fram med besøk på Hjerleid og Senter for bygdekultur på Dovre, villmarkssenteret på Hjerkin, Per Gynt-Gården i Nord-Fron og Aulestad i Gausdal.